

Nyheitsbrev

Februar 2024

Til frivillige lag og organisasjonar i Ål kommune



Ål kommunes frivilligstrategi

I frivilligstrategien er det lista opp mål for perioden 2023-2025 som både kommunal- og frivillig sektor skal følge opp. Blant anna er me i kommunen i gang med følgande:

- Vidareføre og vidareutvikle fritidsmessa - [ønsker du å sitje i arbeidsgruppa, ta kontakt!](#)
- Halde årleg dialogmøte - [her ønsker me innspel frå frivillig sektor på innhald/kurs!](#)
- Gjere informasjon om tilskotsordningar meir tilgjengeleg - [sjå her](#)
- Lage årshjul for frivillig sektor - sjå vedlegg.
- Formalisere Ål kommunes servicetorg og postmottak som fyrste kontaktpunkt.
Hugs å sende alle henvendingar hit, slik at dei kan svare/vidaresende til relevant person.
- Leggje til rette for gratis møtelokale - [du kan bruke Frivilligsentralen gratis!](#)

Lag og organisasjonar har ansvar for:

- Melde inn ønsker og behov for kurs/utdanning/kompetanseheving.
- Melde inn endringar i kontaktpersoner til kommunen og oppdatere sine nettsider.
- Vere synleg, tilgjengeleg, ha gode rutiner for opplæring og gi frivillige gode vekstvilkår.
- Bruke råd og utval som innspelspart, talerør og samarbeidspart
- Om de ønsker representasjon/hjelp frå kommunen må de sende invitasjon/førespurnad.

Me ønsker velkomen til nye tilsette

- Simen Bjerke byrjar som aktivitetsleiar i 100% stilling i Ål Ungdomsfrivilligsentral 2. april.
- Inger Bråten byrjar som kultursjef i 100% stilling i Ål kommune 2. april.

Redusert bemanning på kulturkontoret

Grunna sjukmelding og at ny kultursjef ikkje har starta enno, er det framleis redusert kapasitet på kulturkontoret.

DETTE SKJER!

19.-24. februar
Ice Music Festival

25. februar
Gaurhovdrennet

15.-17. mars
BAMA Alpinfestival

23. mars
Hallingspretten

29. mars
Påskeklang på Sehl

12.-14. april
Liatoppen Skiskytterfestival

23.-26. mai
Folkemusikkveka

Sjå fleire, og registrer ditt arrangement på kvaskjer.hallingdal.no

Me gratulerer!

Ål kommune sin kulturpris 2023 gjekk til Audun Flaen, ungdomsstipend for kultur 2023 gjekk til Tøri Medgard Skår og Guro Molde Lappegard, og ungdomsstipend idrett 2023 gjekk til Gaute Arnegard. Me gratulerer alle dei heldige vinnarane!

Oppsjø vasspark

Oppsjø vasspark har opna badstugu og skal snart opne BUA filial med vannsportsutstyr. I bygga finn du skifterom og toalett. Det blir jamnleg hogd opp hull i isen for bading - MERK All bading skjer på eige ansvar!

Badstugu kan du leige privat via [BookÅl](#) (500 kr for 2 timar).

Det finst også drop-in timar i Frivilligsentralen og Vinterlaugarlagets opningstider (50 kr).

SØKNADSRISTAR:

- | | |
|---------|---|
| 28. feb | Strømstøtte frivillige organisasjonar |
| 01. mar | Mangfald og inkluderingsstøtta |
| 01. mar | Tilskudd store idrettsarrangement |
| 30. mai | Søknadsfrist halltid Ål Idrettshall |
| 30. mai | Frist for innmelding til anleggslista
(for å kunne søke spelemiddel) |
| Løpande | Frifond |
| Løpande | DAM |
| Løpande | Olav Thon Stiftelsen |
| Løpande | Sparebankstiftelsen Hallingdal
(prosjekt og arrangement) |

Følg med på tilskudd.no, stipendportalen, støtteordninger, idrettsforbundet og bfc.no for fleire tilskotsordningar

POLITISK ARBEID

[HER](#) finn du politisk møteplan for våren 2024.

[HER](#) finn du sakspapirer og politiske vedtak.

SUKO har strategikonferanse 23. april.

Arrangementstilskot 2024 er fordelt. Vedtaket finn du [her](#).
Alle søkarane skal ha fått brev med vedtak.

Kulturtilskot 2024 blir fordelt i SUKO i februar.

Alle søkarane vil få brev med vedtak.

UTLEIGE AV TELESLYNGE OG STEMMEFORSTERKAR

HLF leiger ut teleslynge og stemmeforsterkar til dei som måtte trenge det til møter etc. Denne ligg hjå Ål Frivilligsentral og prisen er kr 250,- per utlån. Ta kontakt med [Frivilligsentralen](#) for å avtale.

